



Rehabiliteringssenter

# Årsrapport 2012



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS



## Styret si samansetting

### Medlemmer:

- Arve Due Lund, *Styreleiar*
- Børre Jacobsen, *Nestleiar*
- Ellen Marie Lillevangstu Njøs, *Styremedlem*
- Olav Reidar Furnes, *Styremedlem*
- Aud Viken, *Styremedlem*
- Aage Ness, *Styremedlem* (repr. for tilsette)
- Linda Merethe Viken, *Styremedlem* (repr. for tilsette)

### Varamedlemmer:

- Jofred Åsnes
- Bjørn Tønnesen
- Stine Kvammen Bjørlykhaug, (vara repr. for tilsette)

## Brukarutvalet

### Medlemmer:

- Ivar Halland, *leiar*  
*Hørselshemmedes Landsforbund Sogn og Fjordane*
- Øystein Rynningen  
*Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane*
- Svein Rasmussen,  
*Kreftforeningen Hordaland*
- Kari Ann Holme  
*MS Forbundet Sogn og Fjordane*

### Varamedlemmer:

- Synnøve S. Engen  
*Hørselshemmedes Landsforbund Sogn og Fjordane*
- Hjordis Åsnes  
*Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane*
- Turid B. Vereide  
*Brystkreftforeningen Sogn og Fjordane*



Foto: Steinar Bauge

## Styreleiaren har ordet

24. oktober 2012 var det 20 år sidan senteret vart opna som Helse Vest senteret på Vestlandet. Dei fyrste åra var vanskelege både med omsyn til status og finansiering. Drifta var over lang tid lånefinansiert. Etter ei omfattande refinansiering, der både bankar og institusjonar deltok saman med Norges Røde Kors, fekk selskapet eit nytt fundament for fortsatt drift. Dette tiltaket saman med god leiing ledet oss gjennom desse vanskelege åra.

Entusiasme og pågangsmot er stikkord for tida som har gått. Senteret har nå eit faglig innhald som vi er stolte av. Med en sund økonomi har vi klart å satse på høg fagleg kvalitet. I dag står senteret fram som eit leiande senter innan rehabilitering og er høgt anerkjent for sine tilbod både regionalt og nasjonalt.

20 år er berre byrjinga, og vi ser fram til mange fleire spanande år på Haugland. I Nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering, 2008 – 2011, er det slått fast at rehabilitering er eit satsingsområde og at private institusjonar skal få betre rammevilkår. Dette tolkar vi både til at det også i framtida vil vere behov for dei tenestene vi leverer og at vi kan forvente meir langvarige avtalar med offentlege i framtida.

Arve Due Lund  
Styreleiar

## Driftsavtaler

Senteret har i 2012 hatt avtale med Helse Vest om levering av rehabiliteringstenester. Hovudavtala omfattar to delavtalar: Avtale om spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale innanfor «Raskare tilbake» ordninga. Avtalene er forlenga til og med 31.12.13, og Helse Vest har høve til å forlenge dei med ytterlegare eitt år.

### Avtale om spesialisert rehabilitering

Avtala omfattar totalt 59 plassar. Av dette er fire plassar knytt til dagtilbod. Innanfor denne volumramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Pasientar med føljetilstander etter kreftsjukdom
- Pasientar med nevrologisk sjukdom
- Pasientar med muskel/skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar
- Pasientar med tinnitus
- Pasientar med sjukleg overvekt

### Avtale innanfor Raskare tilbake ordninga

Avtala omfattar 10 plassar døgntilbod og 1 plass til dagrehabilitering. Avtala er diagnoseuavhengig.

### Søknad og ventetider

Pasientane vert tilvist til rehabiliteringsopphald frå både fastlegar og sjukehus. I 2012 var det ei auke i tilvisingar direkte frå sjukehus.

Vi mottok 1 466 søknadar og totalt 1 211 personar var til rehabiliteringsopphald ved senteret.

Ventetida har gått noko ned og gjennomsnittleg ventetid på ordinære opphald var under tre månader. Ny modell for behandling av pasientar med sjukleg overvekt har gjort at ventetida også her har gått betrakteleg ned, frå 24 månadar i 2010 til maksimalt seks månadar ventetid i 2012.

## Lymfødempoliklinikken

Lymfødempoliklinikken ved RKHR har vore i drift sidan 01.01.2009, og har i dag driftstilskot frå Fjaler og Askvoll kommune. Det er tilsett ein fysioterapeut i 20% stilling ved poliklinikken, som er spesialist i Onkologisk Fysioterapi MNFF.

Det har vore god søknad til både intensiv behandling, og oppfølgingsbehandling. Det er få fysioterapeutar i Sogn og Fjordane som har denne kompetansen, så det er jamn etterspurnad. På intensivbehandling har det vore opptil 2-3 månader ventetid. På oppfølgingsbehandling har det vore lite ventetid.

I 2012 ble det gitt totalt 262 behandlingar ved poliklinikken fordelt på 19 pasientar frå Sogn og Fjordane, seks pasientar frå Hordaland, og to frå Rogaland.

## Studentar i praksis

Vi har godt samarbeid med ulike utdanningsinstitusjonar, og har i 2012 hatt følgjande praksisplassar:

- **4 studentar frå Sjukepleieutdanninga,** Høgskulen i Sogn og Fjordane
- **2 studentar frå Fysioterapiutdanninga,** Høgskulen i Bergen
- **2 studentar frå Bachelor Friluftsliv studie,** Høgskulen i Volda
- **4 studentar ved Bachelor i Folkehelsearbeid,** Høgskulen i Bergen
- **1 student ved Bachelor i Folkehelse,** Høgskulen i Hedmark
- **8 studentar Bachelor i Fysisk aktivitet og helse,** Høgskulen i Sogndal, 3 veker

## Pasientevaluering

Svarprosenten på brukarundersøkinga er 56%. Det området institusjonen scora høgast på i 2012, var spørsmåla knytt til miljø og omgjevnader, samt organisering av kvardagen på institusjonen. Betening/ personale kom også godt ut på evalueringa frå pasientane. På spørsmål om kva dei meinte var mest positivt med Haugland, var det betening/ personale som kom best ut.

## ISO - sertifisert

Institusjonen er ISO-sertifisert. Kontrollen og godkjenninga vart utført av Dovre Sertifisering sommaren 2012, og endeleg godkjenning var på plass 01. oktober 2012.

## Forskning og utvikling

### Forskning på kreftrehabilitering

I 2012 har senteret avslutta KaNo-prosjektet for unge kreftpasientar. Dette prosjektet vart gjennomført i samarbeid med Haugland Internasjonale Forsking- og Utviklings-senter (HIFUS AS) og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen. Prosjektet var så vellukka at RKHR har vidareført tilbodet som ein fast del av rehabiliteringstilbodet ved institusjonen.

Stipendiat May Aa. Hauken tar sin PhD knytt til KaNo prosjektet. I 2012 fekk ho godkjent første artikkel for publikasjon i tidsskriftet Cancer Nursing – An International Journal for Cancer Care, Level 2. Artikkelen hadde tittelen: «Meeting Reality: Young Adult Cancer Survivors' Experiences of reentering Everyday Life after Cancer Treatment». Artikkelen omhandlar korleis unge vaksne som har vore behandla for kreft opplever tida etter kreftbehandlinga.

Resultat frå KaNo-prosjektet har i 2012 blant anna vore presentert i Praha på 17th International Conference in Cancer Nursing og i København på European Cancer Rehabilitation & Survivorship Symposium.

### Forskning på sjukleg overvekt

Klinisk ernæringsfysiolog Lesley Robertson (RKHR), fekk saman med stipendiat Eivind Aadland (AHF), publisert artikkel i Journal of Obesity i 2012: «Physical Activity Is

Associated with Weight Loss and Increased Cardiorespiratory Fitness in Severely Obese Men and Women Undergoing Lifestyle Treatment,».


Artikkelen er basert på ein studie der ein ser korleis fysisk aktivitet påverkar vektreduksjon hjå overvektige pasientar som deltek i livsstilsbehandling. Pasientane deltek på rehabiliteringsprogram ved Haugland Rehabiliteringssenter. Funna syner at det er skilnad på korleis fysisk aktivitet påverkar vektnedgangen til menn og kvinner.

### Samhandlingsprosjekt

Vi har i 2012 jobba vidare med samhandlingsprosjektet "Felles utskrivingsamtale" ilag med HIFUS og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Denne delen av prosjektet er planlagt avslutta våren 2013.

### Utdanning og rehabilitering av unge landmineofre

Saman med UWC Red Cross Nordic tilbyr vi rehabilitering og utdanning til ungdom som er skada av landmine. Prosjektet starta i 2011 og vi har no fire studentar som deltek i programmet. Prosjektet er eit samarbeid mellom RKHR, UWC Red Cross Nordic, HIFUS og Norges Røde Kors.



## Epikrise

Senteret har som mål at minst 80% av epikrisene skal vere sendt ut innan sju dagar etter at pasienten har reist frå senteret. I 2012 var 74% av epikrisene sendt ut innan fristen.



## Kurs for helsepersonell

### Kurs i Motiverande Intervju

27.- 28. august 2012 arrangerte Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter kurs i motiverande intervju. Kurs-haldar var Peter Prescott, spesialist i klinisk psykologi frå Bergen. Han har lang erfaring innan bruk av motiverande intervju som metode, og han er medforfattar i den norske boka om motiverande intervju.

Det var 30 kursdeltakarar med ulik fagbakgrunn, m.a. fysioterapeutar, sjukepleiarar, legar og ein ernæringsfysiolog. Prescott nytta ein fin kombinasjon av teori, praktiske øvingar og dialog med kursdeltakarane.

### Hauglandskurset

Hauglandskurset 2012 vart halde 13. -14. september på Haugland, og hadde tema:

*"Metakognitiv terapi. Presentasjon av terapiform i forhold til samansette lidingar og kreftoverlevrar. Korleis skil det seg frå konvensjonell kognitiv terapi?"*

Som tidlegare år hadde vi med oss gode førelesarar. Frå England kom Dr. Peter Fisher, University of Liverpool, som hadde eit spennande foredrag om metakognitiv terapi i kreftrehabilitering. Professor Hans Nordahl hadde fokus på metakognitiv terapi som terapiform for pasientar med samansette lidingar.

Andre førelesarar var Peer Staff, spes. fysikalsk medisin og rehabilitering, Hilde N. Teige, overlege Hernes Institutt, Eirik Fismen, spes. fysikalsk medisin og rehabilitering og overlege ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Det var lagt opp til workshops for å trene teknikkar under rettleiing av førelesarar og fagstab.



F.v. dr. Hanna Froehlike-Sollie, dr. Maret Krannich, dr. Henrik Høberg, prof. Hans Nordahl, dr. Eirik Fismen og dr. Peter Fisher

## Landslagsskyttar testar skytebana

I samband med reopninga av skytebana, fekk senteret besøk av skyttar Sonja Tobiassen og Integreringskonsulent Bjørn Myrset i Norsk skytterforbund (NSF). Dei kom for å vurdere status for skytebana, samt vurdere mogleg vidare samarbeid med Haugland Rehabiliteringssenter. Tobiassen holdt dessutan eit inspirerande foredrag for staben om sin veg til Paralympics i 2012.

Adm. dir Inger Johanne Osland ynskjer å kunne tilby eit godt rehabiliterings- og helsesportstilbod for alle pasientar som kjem til senteret. Skytebana er eit viktig tilskot i rehabiliteringstilbodet, som passar for pasientar med ulike funksjonsnivå. Dette var både utøver og konsulent frå NSF

enige i. Dei var imponerte over kvaliteten og kapasiteten ved skytebana på Haugland og meiner at anlegget held høg standard og er godt tilpassa ulike funksjonsnivå. NSF vart vidare imponert over leiarskapet og engasjementet ved institusjonen, som jobbar for at skytebana skal gi pasientane mange gode mestringsopplevingar i åra som kjem.

F.v. leiande sjukepleiar Ellen K. Eiken, leiande idretts-pedagog Anne Grethe Lien, Integreringskonsulent NSF Bjørn Myrset (sitjande), fysioterapeut Inge Holsen, adm. dir. Inger Johanne Osland, leiande fysioterapeut Linda M. Viken og utøvar i NSF Sonja Tobiassen.



Styreleiar Arve Due Lund og adm.dir. Inger Johanne Osland kan gle seg over ein sterk og vital 20-års jubilar.



Foto: Stenar Blauge

## Ein aktiv 20-års jubilar

Det var eit variert program og mange gjestar då Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter feira sitt 20-års jubileum 25. oktober 2012.

Vi fekk helsingar og føredrag frå m.a. Helsedirektoratet, Regional Vurderingseining, Fylkesmannen og ordførar, samt høyre leiarane ved institusjonen fortelje om både historia og dei vidare visjonane til senteret. Kenneth Birkenes, kjent frå TV-serien «Uten grenser», haldt eit gripande innlegg om det å vere ung og gjennomgå kreftbehandling.

Det var friskt ver med storm i kasta på jubileumsdagen, og det var spanande om dei tilreisande fekk landa. Innandørs var stemninga varm og god, og langbord var dekkja med tapas og jubileumskake. I dei 20 åra institusjonen har eksistert, har vi kjent på både krevjande stormar og varmande solskin. Haugland Rehabiliteringssenter står i dag fram som ein sterk og livskraftig 20-års jubilar, med mykje historie bak seg, og spennande tider framfor seg.

Overlege Eirik Fismen trakk fram den spennande historia til senteret, med fokus på "arven frå Erling Stordahl.




Foto: Stenar Blauge

Kenneth Birkenes, kjent frå TV-serien "Uten grenser," haldt eit gripande og engasjert innlegg om det å vere ung og gjennomgå kreftbehandling.




Foto: Stenar Blauge


## Geografisk fordeling

Av dei pasientane som var på opphald ved senteret i 2012, kom dei fleste frå vår helseregion. Vi ser lita endring på den geografiske fordelinga frå år til år. 61% av pasientane i 2012 kom frå Hordaland, mens 27% kom frå Sogn og Fjordane og 11% frå Rogaland.

Når det gjeld fordeling på kommunar, var det kommunane Bergen og Fjell i Hordaland som brukte institusjonen mest. I Sogn og Fjordane kom det flest pasientar frå Førde kommune, mens det frå Rogaland var flest frå Sandnes kommune.




## Diagnosefordeling



Diagnose	Prosent	Avtala
Svulster (ICD-10 diagnose C)	6,2%	20%
Nevrologi (ICD-10 diagnose G)	7,3%	20%
Muskel skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar (ICD-10 diagnose M)	54,5%	35%
Tinnitus (ICD-10 diagnose H)	1%	5%
Pasientar med sjukleg overvekt (ICD-10 diagnose E)	18%	20%

13% av pasientane var fordelt på andre diagnosegrupper.



## Aldersfordeling

Over halvparten av pasientane ved senteret er under 50 år og 96% er under 70 år. Arbeidsdeltaking er difor eit tema for mange av våre pasientar.

# Årsmelding for 2012

## Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

### 1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og rehabilitering innan «Raskare tilbake» ordninga. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

### 2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2012 er positivt med kr 2 923 722. Selskapet har i 2012 hatt ei auke i egenkapital frå kroner 10 021 941 til kroner 11 217 663.

### 3. Framleis drift

Styret meiner det er riktig å legge føresetnaden for framleis drift av selskapet til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

### 4. Arbeidsmiljø


Sjukefråværet i 2012 var på 5,6%. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.


Gjennomsnittleg tal årsverk var 62. Gjennomsnittleg tal tilsette var 80, av dette var 23 menn og 57 kvinner. Selskapet sitt styre har 7 medlemmer, fire menn og tre kvinner.

### 5. Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljøet.

Førde, den 17/4/13


  
Arve Due Lund,  
Styreleiar


  
Børre Jacobsen,  
Nestleiar


  
Ellen Marie Lillevangstu Njøs  
Medlem

  
Olav Reidar Furnes  
Medlem

  
Linda Merethe Viken  
Medlem

  
Aud Alice Viken  
Medlem

  
Aage Henry Ness  
Medlem

  
Inger Johanne Osland  
Dagleg leiar


## Balanse

EIENDELER	Noter	2012	2011
<b>Anleggsmidler Immaterielle eiendeler</b>			
Utsatt skattefordel	8	340 640	291 368
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>340 640</b>	<b>291 368</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	61	61
Driftsløsøre, inventar, verktoy, kontormaskiner o.l.	3	2 899 387	3 221 201
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>2 899 448</b>	<b>3 221 262</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i aksjer og andeler	6	50 000	50 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>50 000</b>	<b>50 000</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>3 290 089</b>	<b>3 562 630</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>		<b>156 800</b>	<b>204 025</b>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer		182 489	8 510
Andre fordringer	6	121 680	2 470 157
<b>Sum fordringer</b>		<b>304 169</b>	<b>2 478 667</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>	<b>7</b>	<b>17 852 067</b>	<b>15 029 999</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>18 313 036</b>	<b>17 712 691</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>21 603 125</b>	<b>21 275 321</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital		2 558 312	2 558 312
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>2 558 312</b>	<b>2 558 312</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		8 659 351	7 463 629
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>8 659 351</b>	<b>7 463 629</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>4</b>	<b>11 217 663</b>	<b>10 021 941</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		953 397	1 347 311
Betalbar skatt	8	511 140	777 364
Skyldige offentlige avgifter		2 441 582	1 970 033
Gjeld til selskap i samme konsern	6	2 400 000	2 916 000
Annen kortsiktig gjeld		4 079 341	4 242 671
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>10 385 461</b>	<b>11 253 380</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>10 385 461</b>	<b>11 253 380</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>21 603 125</b>	<b>21 275 321</b>

## Resultat


DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Noter	2012	2011
Driftsinntekter		50 435 263	49 818 057
Annen driftsinntekt		2 841 422	2 324 852
Leieinntekt	5	994 282	1 238 097
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>54 270 969</b>	<b>53 381 006</b>
Varekostnad		2 697 957	2 366 067
Lønnskostnad	2	33 342 593	29 528 102
Ordinær avskrivning	3	1 099 610	1 019 060
Annen driftskostnad	2, 5	13 382 497	15 122 207
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>50 522 658</b>	<b>48 035 437</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>3 748 310</b>	<b>5 345 569</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		309 292	244 383
Annen finansinntekt		0	49 999
Annen rentekostnad		0	-292
<b>Netto finansresultat</b>		<b>309 292</b>	<b>294 090</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>4 057 603</b>	<b>5 639 659</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-1 133 881	-1 578 838
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>2 923 722</b>	<b>4 060 821</b>
<b>Overføringer</b>			
Overført til/-fra annen egenkapital		1 195 722	1 961 301
Avgitt konsernbidrag (etter skatt)		1 728 000	2 099 520
<b>Sum overføringer</b>		<b>2 923 722</b>	<b>4 060 821</b>

Førde 17.04.13 2013


  
Arve Morten Due Lund  
Styreleder


  
Børre Jacobsen  
Nestleder


  
Olav Reidar Furnes  
Medlem

  
Linda Merethe Viken  
Medlem

  
Aud Alice Viken  
Medlem

  
Ellen Marie Lillevangstu Njøs  
Medlem

  
Aage Henry Ness  
Medlem

  
Inger Johanne Osland  
Daglig leder

## Noter

### Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge for små foretak. Regnskapsprinsippene beskrives nedenfor.

#### Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Driftsinntekter er fratrukket merverdiavgift, rabatter og bonuser.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

#### Hovedregel for vurdering

##### og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å ikke være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

### Note 2 – Antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Ytelser til ledende personer	Pensjons- Lønn kostnader	Annen godtgjørelse	Sum
Daglig leder	704 688	14 00	5 927
Styrehonorar	121 304	0	0
<b>Lønnskostnad</b>			
		<b>2012</b>	<b>2011</b>
Lønn	26 725 788	24 047 810	
Folketrygdavgift	3 233 426	2 754 251	
Pensjonskostnader	2 968 655	2 330 809	
Andre ytelser	414 725	395 232	
<b>Sum</b>	<b>33 342 594</b>	<b>29 528 102</b>	
		<b>2012</b>	<b>2011</b>
<b>Antall årsverk</b>	<b>62</b>	<b>62</b>	

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskaps pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven.

#### Revisor

Godtgjørelse i året til Deloitte AS for revisjon utgjør kr 64.500. Godtgjørelse for teknisk regnskapsbistand utgjør kr 18.000.

### Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Løsøre	Sum
Kostpris 01.01	2 682 205	7 346 586	10 028 791
Tilgang i året	0	777 795	777 795
Avgang i året	0	0	0
Kostpris 31.12	2 682 205	8 124 381	10 806 586
Samla ordinære avskrivninger	982 144	5 224 993	6 207 137
<b>Ekstraordinær nedskrivning</b>	<b>1 700 000</b>	<b>0</b>	<b>1 700 000</b>
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>61</b>	<b>2 899 388</b>	<b>2 899 449</b>
Årets avskrivninger	0	1 099 610	1 099 610
Prosentsats for avskrivning	10%	14-20%	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

### Note 4 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

Eierstruktur	Antall	Klasse	Pålyd- ende	Eier- andel	Stemme andel
SFRK Eigedom AS	2 500 000	A-aksjer	kr 1	97,7%	100%
SFRK Eigedom AS	58 312	B-aksjer	kr 1	2,3%	0%
<b>Totalt antall aksjer</b>	<b>2 558 312</b>			<b>100,0%</b>	<b>100%</b>

#### Spesifikasjon av egenkapital:

	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Kapital 1.1.	2 558 312	7 463 629	10 021 941
Årets resultat		2 923 722	2 923 722
Avsatt konsernbidrag etter skatt		-1 728 000	-1 728 000
<b>Kapital 31.12</b>	<b>2 558 312</b>	<b>8 659 351</b>	<b>11 217 663</b>

## Noter

### Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 4.941.324. Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 555.000.

### Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	Ansk. tidspunkt	Forretnings- kontor	Eier-/stem- meandel	Egenkapital pr. 31.12.11	Resultat pr. 31.12.11
Haugland Internasjonale FOU Senter AS	08.06.1995	Fjaler	33%	555 578	71.087
<b>Mellomværende med morselskap, Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:</b>					
<b>Mellomværende pr. 31.12</b>				<b>2012</b>	<b>2011</b>
Langsiktig fordring				0	0
Kortsiktig fordring				480	2 100 000
<b>Kortsiktig gjeld</b>				<b>2 400 000</b>	<b>2 916 000</b>

### Note 7 – Bankinnskudd

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetrekkmidler med kr 1.190.142.

### Note 8 – Skattekostnad

Årets skattekostnad fremkommer slik	2012	2011	Endring
Betalbar skat	511 140	777 364	
Regnskapsført skatt på konsernbidrag	672 000	816 480	
Korrigerende forrige år	13	1	
Endring i utsatt skatt	-49 272	-15 007	
<b>Skattekostnad</b>	<b>1 133 881</b>	<b>1 578 838</b>	
<b>Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>	
Driftsmidler	-1 204 572	-1 028 600	
Kundefordringer	-12 000	-12 000	
<b>Sum</b>	<b>-1 216 572</b>	<b>-1 040 600</b>	
Skattesats	28%	28%	
<b>Netto utsatt skattefordel/-forpliktelse i balansen</b>	<b>-340 640</b>	<b>-291 368</b>	<b>-49 272</b>

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS som viser eit overskot på kr 2 923 722. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

### Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på grunnlag av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS per 31. desember 2012 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

### Utsegn om andre tilhøve

#### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 17. april 2013  
Deloitte AS

  
Leif Kilnes  
statsautorisert revisor



 **Røde Kors** Haugland Rehabiliteringssenter AS  
6968 Flekke · Tlf. 57 73 71 00 · Fax 57 73 57 96  
E-post: [inntak@rehabiliteringssenter.no](mailto:inntak@rehabiliteringssenter.no)  
[www.rkhr.no](http://www.rkhr.no)

Grafisk formgjeving:  
Inform Media, Førde

